




Fv. 450 Vrengen bru

Merknadsbehandling: varsel om oppstart

Reguleringsplan

Kommune

Plan ID: 20240001
Prosjektnummer: i7042038
Prosjektfase: 2 - regulering
Sektor/Seksjon: Samferdsel/ Vegutbygging
Revisjonsnummer: 01
Dato: 05.05.2025



Innhald

Innhald.....	1
1. Innleiing	3
1.1. Offentlege styresmakter og interesseorganisasjonar	5
1.2. Grunneigarar og andre rettshavarar	5
1.3. Endring i trasé	5
2. Behandling av merknader.....	6
2.1. Merknader frå offentlege styresmakter og interesseorganisasjonar	6
2.1.1. Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, DSB	6
2.1.2. Noregs vassdrags- og energidirektorat, NVE	6
2.1.3. Naturvernforbudet i Vest- Telemark.....	7
2.1.4. Statsforvalteren i Vestfold og Telemark	8
2.1.5. Telemark fylkeskommune.....	9
2.2. Merknader frå grunneigarar og andre rettshavarar	10
2.2.1. David Hauer.....	10
2.2.2. Torgrim Otterholt.....	10
2.2.3. Rolf Normann	11
2.2.4. Alice Jeanne Haukelidsæter	11
3. Vedlegg	14

REVISJONSHISTORIKK

Revisjonane er karakteriserte som følger:

Rev.	Revisjonsårsak	Dato	Utarbeidde av	Kontrollert av	Godkjent av
00	Første utgåve	06.08.2024	Helene Noraberg	John Kleiv	John Kleiv
01	Revidert etter vedtak om endring av trasé	05.05.2025	Helene Noraberg	John Kleiv	John Kleiv

Beskriving av endring frå ein revisjon til neste er som følger:

Rev.	Beskriving av endringar
00	Første utgåve (dvs. inga endring)
01	Vedtak i sak 13/25 i Hovudutvalg for samferdsel 09.04.2025, endring av trasé. Eksisterande trase skal oppgraderast.

1. Innleiing

Planarbeidet vart varsla 17.04.2024, annonse stod i Varden, Telemarksavisa og Vest-Telemark blad 19.04.2024. Føremålet med reguleringsplanarbeidet er å sikre areal for å byggja ny vegstrekning og ny bru. Dagens vegstrekning er smal, krappe svingar og ei bru som er i dårleg stand. Lengd på ny veg er ca 270 m, og i tillegg tilpassing til eksisterande veg i kvar ende.

Avisannonse:



Telemark
FYLKESKOMMUNE

Varsel om oppstart av detaljregulering

Fv. 450 Vrengen bru, Eidsborg

Med heimel i plan og bygningslovas § 12-8 og § 3-7 blir det varsla at Telemark fylkeskommune startar arbeidet med detaljregulering for reguleringsplan Fv. 450 Vrengen bru, i Eidsborg i Tokke kommune.

Føremålet med reguleringsplanarbeidet er å sikre areal for å bygge ny vegstrekning og ny bru. Dagens vegstrekning er smal, krappe svingar og ei bru som er i dårleg stand. Lengde på ny veg er ca. 270 m, og i tillegg tilpassing til eksisterande veg i kvar ende. Arealet er omfatta av kommuneplanens arealdel, og er avsett til landbruk-, natur- og friluftsområde (LNF) med høve til spreidd bustadbygging. Ny trasé vil gå gjennom eit myrområde og gjennom ei fjellskjering.



Tiltaket er vurdert i forhold til Forskrift om konsekvensutredning, og det er vurdert at tiltaket ikkje utløyer krav til konsekvensutgreiing (KU). Kartet viser avgrensinga til planen. Endeleg planavgrensing kan avvike noko frå dette.

Framdrift og frist for innspel:

Eventuelle innspel til varsel om oppstart kan sendast skriftleg innan 24.05.2024 merka «Fv. 450 Vrengen bru» til: Telemark fylkeskommune, Postboks 2844, 3702 Skien, eller på e-post til: post@telemarkfylke.no. Innspel kan sendast med kopi til Tokke kommune, Storvegen 60, 3880 Dalen, eller ved e-post til postmottak@tokke.kommune.no.

Eventuelle spørsmål til planarbeidet kan rettast til Telemark fylkeskommune v/Helene Noraberg på e-post til helene.noraberg@telemarkfylke.no eller på telefon 992 13 274. Varslinga leggast også ut på nettsida til Tokke kommune: www.tokke.kommune.no og Telemark fylkeskommunes nettside: www.telemarkfylke.no/vrengen

telemarkfylke.no

Under varsel om planoppstart i perioden 17.04.2024 – 24.05.2024 har det komme inn 9 merknader. Dette dokumentet gir ei oppsummering av dei innkomne merknadene, og Telemark fylkeskommune si vurdering av desse.

Følgjande sende inn merknader til varsel om oppstart:

1.1. Offentlege styresmakter og interesseorganisasjonar

- Direktoratet for Samfunnssikkerhet og beredskap
- NVE, Noregs vassdrags- og energidirektorat
- Naturvernforbundet i Vest-Telemark
- Statsforvalteren i Vestfold og Telemark
- Telemark fylkeskommune

1.2. Grunneigarar og andre rettshavarar

- David Hauer
- Torgrim Otterholt
- Rolf Normann
- Alice Jeanne Haukelidsæter

1.3. Endring i trasé

I samband med at Telemark fylkeskommune skal utarbeide reguleringsplan har det blitt endringar i val av trasé. I handsaminga av kostnadsauke på prosjektet (sak 146/24) vedtok fylkestinget i desember 2024 fylgjande verbalpunkt:

«Fylkestinget bed fylkesdirektør leggje fram sak til hovudutval samferdsel om Vrengen bru og ber om ny vurdering av alternativ trasé etter kostnadsauke på prosjektet.»

I praksis betyr dette at administrasjonen i fylkeskommunen skal legge bort alternativ 2 (alternativ over myra og vidare gjennom fjellskjeringa) og som blei vist på skissa i varselet, og starte prosessen med å regulere alternativ 1, altså ny bru og oppgradering av vegen langs eksisterande trasé.

Det blir planlagt med at eksisterande bru skal få to felts breidde og vegen vidare forbi Reflebrekk skal òg bli utvida til to felt og leggst lenger inn i fjellskjeringa.

Vedtak i sak 13/25 i Hovudutvalg for samferdsel 09.04.2025 stadfestar dette.

Det vart sendt ut eit brev til grunneigarar innanfor varslingsgrensa, naboar som ligg inntil varslingsgrensa og Tokke kommune for å informere om endring av valgt trasé. Det kom ingen innspel eller merknader til dette brevet.

2. Behandling av merknader

2.1. Merknader frå offentlege styresmakter og interesseorganisasjonar

2.1.1. Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, DSB

Brevet ligg som vedlegg 1 til dette dokumentet.

DSB har sendt eit automatisk svar. Dei har dessverre ikkje kapasitet til å gå inn i alle mottatte plansaker og at det er Statsforvalteren som følgjer opp at omsynet til samfunnssikkerheit er ivaretatt i plansaker. DSB har innsigelseskompetanse etter plan og bygningslova i plansaker som rører fylgjande områder:

- Virksomhet som håndterer farlege stoff herunder storulykkevirksomhet
- Transport av farleg gods
- Brannsikkerhet herunder tunneler og underjordiske anlegg
- Tilfluktsrom (Sivilforsvarsdistrikta)

Dersom det likevel er behov for direkte involvering av DSB i plansaka, må det sendast eit nytt varsel til DSB der det gjeng tydeleg fram kva for forhold det er ynskjeleg at DSB uttalar seg til.

Telemark fylkeskommunes kommentarar:

Planen vil ikkje røre med dei områda som er lista opp i brevet frå DSB. Det er derfor ikkje naudsynt å sende nytt varsel til DSB.

2.1.2. Noregs vassdrags- og energidirektorat, NVE

Brevet ligg ved som vedlegg 2 til dette dokumentet.

Kort oppsummert NVE sine innspel:

- Mogleg fare for flaum.
 - Området er i aktsemdområde for flaum. Det må gjerast ei konkret vurdering av mogleg flaumfare. Til hjelp kan spesielt NVE sin rettleiar 3/2022 «Sikkerhet mot flom», prosedyre 1 nyttast. Flaumfaren må utgreiast. Vassvegar må kryssast med god nok kapasitet, slik at faren for flaum, erosjon og skred ikkje aukar.
- Erosjon.
 - Elvekanten må sikrast mot erosjon
- Omsyn til vassdrag.

- Det må vurderast omsyn til vassdrag og vassdragsverdiar. Alle skal opptre aktsamt for å unngå skade og ulempe i vassdraget for allmenne eller private interesser. Verknadane av samferdselstiltak i og ved vassdrag, må greiast ut, og omsynet til vassdraget må ivaretakast. Anlegga bør unngå utfylling i vatn og vassnære område. Langs breidda av vassdrag med årsikker vassføring, skal det oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gir levestad for plantar og dyr (vassressurslova §11).

Telemark fylkeskommunes kommentarar:

NVE sine krav greiast ut i det vidare planarbeidet.

2.1.3. Naturvernforbudet i Vest- Telemark

Brevet ligg ved som vedlegg 3 til dette dokumentet.

Naturvernforbundet i Vest-Telemark (NVVT) har stor forståing for at brukarar av fv 45 i det aktuelle området har behov for betre veg. Dette er ei smal, uoversiktleg og belasta strekning, og det er viktig å auke trafikktryggleiken.

Like fullt; NVVT meiner at det er sterke argument for å skrinleggje val av trasé, og heller gå for alternativ 1 i konseptutgreiinga frå 2021: erstatning av eksisterande bru i dagens veglinje og tiltak på/langs eksisterande veg ca. 250-300 m syd for brua.

Dette alternativet er tilrådd av fagetaten og kjem langt betre ut når det gjeld kostnader. For NVVT er det viktigaste at utbetring av eksisterande trasé inneber eit vesentleg mindre inngrep i natur og kulturlandskap. Me legg merke til kva som står i rapporten frå konseptfasen (oktober 2021):

Alternativ 2: Ny vegtrase etableres i uberørt natur.

Veg bygges i myrområde og det blir et langt parti med to-sidig høy fjellskjæring. Bygging i myr og elv kan være negativt i forhold til fisk, bever mm. Den nye vegen vil bli en ny barriere og to parallelle veger blir liggende tett på hverandre. Bedre vegstandard kan gi høyere fart på vegen og større fare ved elg-kryssinger.

Ny trase skjærer gjennom natur- og myrområde som i dag er uberørt. Hogst av store arealer.

Veg etableres på fylling med høyde 2-3 m over myr. Den vil virke ruvende og gi en barrierevirkning for bebyggelse som ligger v/Brynesteinvegen. Ny bru blir et nytt element over myrområdet.

Parti med to-sidig høy fjellskjæring (rundt 10 m på det høyeste) ca. 120 m lengde, vil gi et markant sår i landskapsbildet

Ny vegtrase i alternativ 2 er et helt nytt element i et kulturhistorisk område med store verdier og lange historiske linjer.

Alternativ 2 krysser gjennom et myrområde som ligger rundt elva som renner ut fra Eidsborgtjønn. Myr inneholder store mengder organisk karbon, og graving i myr vil kunne føre til større utslipp av CO2 enn etablering av vei i tradisjonelle gravemasser

[Uttale frå Seksjon Kulturarv:] De anser dette alternativet [2] for å være mest inngripende, og vurderer at det kan bli utilbørlig skjæmmende for kirkestedet og kulturmiljøet som helhet.

Det er på trappene med eit nasjonalt forbod mot nedbygging av myr, ettersom ein stadig får meir kunnskap om myra som potent karbonlager og som ein sær sars rik biotop. Når det her finst gode alternativ er det heilt utruleg at ein likevel går inn for å øydelegge ei djup myr. Viss ein skal gå vidare med planlegging av ny trasé, må det i det minste bli gjort ei grundig kartlegging av biologisk mangfald, samt bli lagt fram kvalitetssikra estimat for karbonutslepp ved arealendringa.

Tiltaket vil bryte med ein eldgamal tradisjon i Eidsborg der mennesket tilpassar seg landskapet. Sjølv om det ikkje gjeld ei veldig lang strekning, vil det likevel bli ei dramatisk endring for det gamle og verneverdige kulturlandskapet, i ei særmerkt bygd med stavkyrkje og museum. Ei vegskjering som er 10 meter høg og 120 meter lang er mildt sagt eit "markant" element, som det står i rapporten.

Å etablere ny trasé vil utan tvil føre til at mange køyrer i høgare fart gjennom bygda, og det kan rett og slett ende med fleire ulykker. Vegen frå Eidsborg til Dalen vil aldri kunne bli ein autostrada. Vegen må bli utbetra, men samstundes bør ein kunne ta vare på sær store natur- og kulturverdiar.

Telemark fylkeskommunes kommentarar:

Etter at traséen i prosjektet blei endra og no skal fylgje eksisterande veg, så er innspela ivaretekne.

2.1.4. Statsforvalteren i Vestfold og Telemark

Brevet ligg ved som vedlegg 4 til dette dokumentet.

Ei oppsummering av brevet:

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark har kome med ei standardisert fråsegn då dei for tida har stor pågang av saker. Dei har derfor ikkje gjort konkrete vurderingar av dette reguleringsvarselet.

Statsforvaltaren skal med heimele i plan- og bygningslova §3-2 sjå til at planar ikkje er i strid med nasjonale og viktige regionale interesser innan miljøvern, klima, landbruk, samfunnstryggleik, folkehelse, barn og unge sine interesser, og gravplassar.

Statsforvaltaren har høve til å fremje motsegn i planforslag som er i strid med vedtatte eller regionale mål, rammer og retningslinjer knytt til interessene til barn og unge.

Det er sett opp ein forenkla oversikt over nasjonale interesser som vi forventar at blir ivaretatt i planlegginga. Ikkje alle omsyna vil vere relevante i den einskilde saka.

- Landbruk
- Naturmangfald
- Villrein
- Klimagassutslepp og karbonrike areal
- Samfunnstryggleik
- Klimatilpassing
- Støy
- Forureina grunn
- Vassdrag og vassmiljø
- Avløp
- Friluftsliv
- Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging
- Andre nasjonale interesser, slik som
 - Landskap
 - Lokal luftkvalitet
 - Universell utforming
 - Storulykkebedrifter
 - Gravplassar
 - Barn og unges interesser

Telemark fylkeskommunes kommentarar:

Me vil i samband med arbeidet til denne planen ta for oss dei tema som er aktuelle for tiltaket. Det vi sei at me tar for oss kvart enkelt tema, avklare eller vurdere desse.

2.1.5. Telemark fylkeskommune

Brevet ligg ved som vedlegg 5 til dette dokumentet.

Ei oppsummering av innspelet:

Telemark fylkeskommune har i punkta nedafor kommentert på dei delane av planforslaget som rører ansvarsområda:

- Regionale planar
- Jordvern
- Vassressursforvaltning
- Kulturarv, inkludert uttale frå riksantikvaren.

Telemark fylkeskommunes kommentarar:

Me vil i samband med arbeidet til denne planen ta for oss dei tema som er aktuelle for tiltaket. Det vi sei at me tar for oss kvart enkelt tema, avklare eller vurdere desse.

2.2. Merknader frå grunneigarar og andre rettshavarar

2.2.1. David Hauer

Brevet ligg ved som vedlegg 6 til dette dokumentet.

Innspill:

Som beboer med adresse mellom Eidsborg og Dalen, skjønner jeg behovet for å utbedre den aktuelle veistrekningen. Likevel mener jeg det ville være et mye bedre alternativ å utbedre den eksisterende traseen. Løsningen med høy skjæring gjennom et gammelt og verdifullt kulturlandskap blir svært skjemmende. I tillegg synes tiltaket å påvirke myrområde nedenfor Eidsborgtjønn. Det synd at løsninger med store skjæringer, med påfølgende sår i landskapet, i økende grad er blitt en gjengs metode for utbedring av vei. Det er også trolig at løsningen med skjæring og utretting av veien vil føre til høyere hastighet gjennom et bebygd område som Eidsborg. I dette tilfellet, som i mange andre, bør en i høyere grad ta hensyn til kulturlandskapet og natur ved utbedring av vei.

Telemark fylkeskommunes kommentarar:

Etter at traséen i prosjektet blei endra og no skal fylgje eksisterande veg, så er innspela i stor grad ivaretekne.

2.2.2. Torgrim Otterholt

Brevet ligg ved som vedlegg 7 til dette dokumentet.

Han skriv brevet som innspel frå han som privatperson og som avtroppande styreleiar ved Vest-Telemark Museum.

Han har sjølv opplevd fleire ulykker og trafikkfarlege situasjonar rundt brua og avkøyringane i dette området.

Han skriv at nokon vil vise til at naturvernomsyn ved bruk av myra, men den har vore arbeid i mange gonger ved røyrlegging, opprensk av bekken og lignande.

Han har sjølv sett opp konklusjonen i slutten av brevet:

«Konklusjonen er at vi alle bygdefolk er glade for planen for vegomlegginga som sikrar tryggleiken og eit betre trafikkmonster som også forenkler turiststraumen, særleg med bussar til museet.»

Telemark fylkeskommunes kommentarar:

Innspelet viser at omsynet til trafikktryggleik på denne vegstrekninga er viktig og har vore ei utfordring i mange år. Utbetring av eksisterande trasé vil ha fokus på betre sikt og breiare veg.

Me registrerar óg at det har vore aktivitet i myra og den er såleis ikkje urørd.

Telemark fylkeskommune tek innspelet med seg i den vidare planlegginga.

2.2.3. Rolf Normann

Brevet ligg ved som vedlegg 8 til dette dokumentet.

Heil

Vår avkjøring til gårdsnummer 26, bruksnummer 1 er noen meter nedenfor avmerket anleggsområde.

Vår vei møter fylkesveien midt i den skarpe svingen og er svært uoversiktlig når vi kommer fra Dalen og skal svinge til venstre inn på vår gårdsvei.

En liten flytting av innkjøringen mot Vrengen bru ville gjort en stor forskjell i forhold til oversikt og trafiksikkerhet.

Jeg ber om at det blir vurdert om det er mulig å gjøre dette i forbindelse med prosjektet.

Mvh

Rolf Normann

Telemark fylkeskommunes kommentarar:

Det er ikkje planlagt at det skal gjerast tiltak utanfor varsla reguleringsgrense. Det er ikkje sett av midlar til andre tiltak.

2.2.4. Alice Jeanne Haukelidsæter

Brevet ligg ved som vedlegg 9 til dette dokumentet.

Eg vil leggje inn ei uttale i samband med detaljregulering av Fv 450 Vrengen bru. Det er eit omfattande inngrep som er planlagt gjennomført. Landskapet i Eidsborg vil for all framtid bli endra og det er ikkje sikkert at det blir til det betre.

I tillegg til høg og lang fjellskjering må ein sikre kantar med stygge gjerde.

Farten kjem til å auke i bygdi og det vil medføre mykje meir støy. 60 km fartgrense? 60 km er ikkje fort nok når vegen er rett og då er det vel fare for ulykker andre stader i området enn ved Vrengen bru?

Det har vore nokre ulykker på vegen slik det den ligg i dag. Ein kan skulde på vegen men føraren må ta omsyn til forholda og tilpasse farten. Det er ikkje så sikkert at ny veg vil gjera det betre ?

Myrområdet der Eidsborgbekken startar vil bli øydelagd. Det er ikkje i tråd med nasjonale føringar der ein skal verne myrområde/ våtmark. Kva vil ein gjera med beveren som byggjer og bur der, midt i den planlagte traséen? Er det berre å kvitte seg med den fordi veg og utbyggingar går for alt?

Eidsborg er ei vakker bygd og ein historisk stad med Brynesteinsbrot, Stavkyrkje, Stålekleivloftet m.m. Tokke og Telemark har eit særskild ansvar for å ta vare på dette. Ein må prøve å gjera minst mogleg omfattande inngrep, og dei inngrepa som gjerast må lyfte Eidsborg og vera dømme på god vegløyning som kan gå inn i historien som eit eksempel til etterfylgje. Om det blir slik at det er den nye vegen som skal gjennomførast må dette omsynet vera med i alle tiltak : Begrense naturinngrepet mest mogleg. Ein må fylgje regional klimaplan. Ein må ta vare på det historiske landskapsrommet som Eidsborg har og som gjer staden så særeigen. Avbøtande tiltak er viktig som til dømes tørrmurar av naturstein. Naturstein rundt røyr og liknande.

Ny bru må vera fin og velbygd og ikkje berre som ei røyrgate. Fjellskjering må planleggast tilsvarande grundig for å avbøte inngrepet mest mogleg.

Om ein beheld dagens vegtrase så vil ein finne gode og avbøtande løysingar utan å gjera store omveltande inngrep. Det ville nok vera det beste for bygdi Eidsborg.

Dømme på dårlege løysingar i samband med vegbygging er muren i Høydalsmo sentrum, langs E 134 ved Ofte. Her burde det vore tørrmur med naturstein. Kvifor kan ein byggje fine tørrmurar andre stader som til dømes i Gvarv langs riksveg 36 og ikkje her i Tokke?

Eit anna dømme i Tokke er langs E 134 ved Høydalsmo kyrkje. Eit autovern langs den gamle fine steinmuren og kyrkja. Det må finnast andre og betre løysingar.

Til informasjon er eg leiar i Tokke Historielag.

Med helsing
v/ Alice Haukelidsæter

Telemark fylkeskommunes kommentarar:

Etter at traséen i prosjektet blei endra og no skal fylgje eksisterande veg, så er innspela i stor grad ivaretekne.

I samband med prosjekteringa vil det bli sett på gode løysingar og mjuke overgangar. Estetikken er viktig for eit godt resultat. Det er planlagt at det skal byggjast ei bru/kulvert-løysing og ikkje leggast tradisjonelle røyr. Brua vil bli dimensjonera for ein 200-års flaumsituasjon i vassdraget.

Prosjektet vil medføre noko inngrep i naturen. Det blir utført både naturkartlegging, arkeologiske registreringar og grunnundersøkingar i reguleringsplanfasen.

3. Vedlegg

Vedlegg:	Dokumentdato:	Innsendar:
1	19.04.2024	Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB)
2	14.05.2024	Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)
3	23.05.2024	Naturvernforbundet i Vest-Telemark
4	23.05.2024	Statsforvalteren i Vestfold og Telemark
5	24.04.2024	Telemark fylkeskommune
6	23.04.2024	David Hauer
7	23.05.2024	Torgrim Otterholt
8	23.05.2024	Rolf Normann
9	23.05.2024	Alice Jeanne Haukelidsæter

Vår saksbehandler
Monica Drage Thorbjørnsen

Dokumentdato
19.04.2024
Deres dato

Vår referanse
2024/87-
Deres referanse
2024/1453

TELEMARK FYLKESKOMMUNE

Postboks 2844
3702 SKIEN

Automatisk tilbakemelding - Fv. 450 Vrengen bru - Varsel om oppstart av planarbeid for detaljregulering - Tokke kommune

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) viser til plansaken som dere har sendt på høring. DSB har dessverre ikke kapasitet til å gå inn i alle mottatte plansaker og sender derfor automatisk ut dette generelle svaret på slike saker.

Det er Statsforvalteren som skal følge opp at hensynet til samfunnssikkerhet er ivaretatt i plansaker. Statsforvalteren har også et ansvar for samordning av statlige innsigelser til kommunale planer.

DSB har innsigelseskompetanse etter plan- og bygningsloven i plansaker som berører følgende områder:

- Virksomheter som håndterer farlige stoffer herunder storulykkevirksomheter
- Transport av farlig gods
- Brannsikkerhet herunder tunneller og underjordiske anlegg
- Tilfluktsrom (sivilforsvarsdistriktene)

Siden Statsforvalteren har et overordnet ansvar for å følge opp samfunnssikkerhet i planer, vil også disse områdene kunne inngå som en del av Statsforvalterens oppfølging. DSB samarbeider med Statsforvalteren og vil gi faglig innspill til Statsforvalteren dersom det er nødvendig.

Hvis det likevel er behov for direkte involvering av DSB i plansaken, bes det om at høringen sendes inn til DSB på nytt med tydelig angivelse av hvilket forhold det bes om DSBs uttalelse til.

Dersom plansaken gjelder areal knyttet til etablert storulykkevirksomhet eller areal hvor det planlegges etablering av anlegg som sikkert eller muligens vil bli storulykkeanlegg, bes det også om at høringen sendes DSB på nytt. Det må fremgå av oversendelsen at saken gjelder plansak knyttet til anlegg omfattet av storulykkeforskriften.

Vi viser til www.dsb.no for DSBs veileder om samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging og veileder om sikkerheten rundt storulykkevirksomheter.

Med hilsen
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap
Arkiv

Dokumentet er godkjent elektronisk og sendes derfor uten underskrift.

Postadresse
Direktoratet for
samfunnssikkerhet og beredskap

Postboks 2014
3103 Tønsberg

Besøksadresse
Ramborgveien 9, 3115 Tønsberg

E-post
Postmottak@dsb.no

Telefon
33 41 25 00

Internett
www.dsb.no

Organisasjonsnummer
974 760 983

TELEMARK FYLKESKOMMUNE
Telemark fylkeskommune
Sentralt fakturamottak
Postboks 2844

3702 SKIEN

Vår dato: 14.05.2024
Vår ref.: 202407590-2 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 24/01453-4

Sakshandsamar: Astrid Flatøy,
22959768, asfl@nve.no

Varsel om oppstart - Detaljreguleringsplan for fv. 450 Vrengen bru - Planid 2024001 - Tokke kommune

Vi viser til brev datert 17.04.2024. Saka gjeldt varsel om oppstart av arbeid med detaljregulering for reguleringsplan Fv. 450 Vrengen bru, i Eidsborg i Tokke kommune. Føremålet med planarbeidet er å sikre areal til å byggje ny bru og veg til erstatning for dagens bru og veg.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl.).

NVEs innspel

Mogleg fare for flaum

[NVE Aktsemdkart for flaum](#) viser at det meste av planområdet er markert som aktsemdområde for flaum.

Det må gjerast ei konkret vurdering av mogleg flaumfare. Til hjelp for vurderinga viser vi spesielt til prosedyre 1 (punkt 4.1) i NVEs [rettleiar 3/2022](#) «Sikkerhet mot flom». Her kan tiltakshavar/kommunen sjølv gjere vurderingane. Vurderingane skal vere dokumenterte og mogleg å etterprøve. Når flaumfaren for eit plan- eller tiltaksområde ikkje kan



utelukkast etter prosedyre 1, må flaumfaren utgreiast etter prosedyre 2 (punkt 6.3). Vurderingar etter prosedyre 2 krevjar hydrologisk og vassdragshydraulisk kompetanse (sjå punkt 6.1). Vi viser òg til NVE rettleiar 1/2022 [Veileder for flomberegninger](#).

Ved tiltak i flaumsona må det i reguleringsplanen dokumenterast korleis tiltaket skal bli tilstrekkeleg sikkert i samsvar med krava i TEK17 § 7-2 i høve til rett sikkerheitsklasse.

Tiltak i planområdet må ikkje føre til auka flaumfare nedstauts planområdet, jf. pbl. § 28-1, 1. ledd, andre setning og TEK17 § 7-1, 2. ledd som seier: «Tiltak skal prosjekteres og utføres slik at byggverk, byggegrunn og tilstøtende terreng ikke utsettes for fare for skade eller vesentlig ulempe som følge av tiltaket.»

Vassvegar må kryssast med god nok kapasitet, slik at faren for flaum, erosjon og skred ikkje aukar.

Erosjon

Det er ikkje opplyst om det går føre seg erosjon langs med elvekanten. For areal innanfor ein elvekant med lausmassar der det går føre seg erosjon, vil sannsyn for at arealet skal undergravast auke med tida. Byggverk må derfor leggjast i sikker avstand frå erosjonsutsett skråning, eller skråninga må sikrast mot erosjon. Krav til sikkerheit mot erosjon langs vassdrag er gitt i TEK17 § 7-2, 4. ledd med rettleiing.

Omsyn til vassdrag

For tiltak i og nært vassdrag, må ein vurdere om omsyn til vassdrag og vassdragsverdiar er teken i vare. Det gjeld ei generell aktsemdplikt for tiltak i vassdrag (vassressurslova § 5) som inneber at alle skal opptre aktsamt for å unngå skade eller ulempe i vassdraget for allmenne eller private interesser. Døme på allmenne interesser er den frie gongen til fisken, allmenn ferdsel, naturvern, biologisk mangfald, vitskapleg interesse, omsyn til kultur og landskap, jordvern, omsyn til flaum og skred. Det bør også gjerast greie for eventuelle kompensierende tiltak for å redusere konsekvensar for allmenne interesser.

I saker der samferdselsanlegg medfører tiltak i og ved vassdrag, må verknadane av tiltaket greiast ut, og omsynet til vassdraget ivaretakast. Anlegga bør unngå utfylling i vatn og vassnære områder. Elva må kryssast med god nok kapasitet, slik at fare for flaum, erosjon og skred ikkje aukar.

Langs breidda av vassdrag med årsikker vassføring, skal det oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gir levestad for plantar og dyr (vassressurslova § 11). Vi viser til NVEs rettleiar 2/2019 om [kantvegetasjon langs vassdrag](#).

Generelle råd

For å få eit fullstendig oversyn over korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen rår vi dykk til å nytte våre [internettsider for arealplanlegging](#). Der er



informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå. Vi vil særleg vise til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#). Rettleiaren leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse interessene blir vurdert i planarbeidet.

NVEs oppfølging av planarbeidet

Dersom planen rører ved NVEs saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Det er viktig at alle relevante fagutgreiingar innan NVEs saksområde er vedlagt. Vi ber om at alle plandokument blir sendt elektronisk til NVE.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.

Med helsing

Øyvind Leirset
seksjonssjef

Astrid Flatøy
seniorrådgivar

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

TELEMARK FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarar:

TOKKE KOMMUNE

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK



23.05.24

Til
Telemark fylkeskommune,
Postboks 2844,
3702 Skien.

Kopi til:
Tokke kommune,
Storvegen 60,
3880 Dalen.

Innspel til varsel om oppstart av detaljregulering for fv 450 Vrengen bru.

Naturvernforbundet i Vest-Telemark (NVVT) har stor forståing for at brukarar av fv 45 i det aktuelle området har behov for betre veg. Dette er ei smal, uoversiktleg og belasta strekning, og det er viktig å auke trafikktryggleiken.

Like fullt; **NVVT** meiner at det er sterke argument for å skrinleggje val av trasé, og heller gå for alternativ 1 i konseptutgreinga frå 2021: erstatning av eksisterande bru i dagens veglinje og tiltak på/langs eksisterande veg ca. 250-300 m syd for brua.

Dette alternativet er tilrådd av fagetaten og kjem langt betre ut når det gjeld kostnader. For **NVVT** er det viktigaste at utbetring av eksisterande trasé inneber eit vesentleg mindre inngrep i natur og kulturlandskap. Me legg merke til kva som står i rapporten frå konseptfasen (oktober 2021):

Alternativ 2: Ny vegtrase etableres i uberørt natur.

Veg bygges i myrområde og det blir et langt parti med to-sidig høy fjellskjæring. Bygging i myr og elv kan være negativt i forhold til fisk, bever mm. Den nye vegen vil bli en ny barriere og to parallelle veger blir liggende tett på hverandre. Bedre vegstandard kan gi høyere fart på vegen og større fare ved elg-kryssinger.

Ny trase skjærer gjennom natur- og myrområde som i dag er uberørt. Hogst av store arealer.

Veg etableres på fylling med høyde 2-3 m over myr. Den vil virke ruvende og gi en barrierevirkning for bebyggelse som ligger v/Brynesteinvegen. Ny bru blir et nytt element over myrområdet.

Parti med to-sidig høy fjellskjæring (rundt 10 m på det høyeste) ca. 120 m lengde, vil gi et markant sår i landskapsbildet

Ny vegtrase i alternativ 2 er et helt nytt element i et kulturhistorisk område med store verdier og lange historiske linjer.

Alternativ 2 krysser gjennom et myrområde som ligger rundt elva som renner ut fra Eidsborgtjønn. Myr inneholder store mengder organisk karbon, og graving i myr vil kunne føre til større utslipp av CO2 enn etablering av vei i tradisjonelle gravemasser

[Uttale frå Seksjon Kulturarv:] De anser dette alternativet [2] for å være mest inngripende, og vurderer at det kan bli utilbørlig skjæmmende for kirkestedet og kulturmiljøet som helhet.

Det er på trappene med eit nasjonalt forbod mot nedbygging av myr, ettersom ein stadig får meir kunnskap om myra som potent karbonlager og som ein særskild rik biotop. Når det her finst gode alternativ er det heilt utruleg at ein likevel går inn for å øydelegge ei djup myr. Viss ein skal gå vidare med planlegging av ny trasé, må det i det minste bli gjort ei grundig kartlegging av biologisk mangfald, samt bli lagt fram kvalitetssikra estimat for karbonutslepp ved arealendringa.

Tiltaket vil bryte med ein eldgammel tradisjon i Eidsborg der mennesket tilpassar seg landskapet. Sjølv om det ikkje gjeld ei veldig lang strekning, vil det likevel bli ei dramatisk endring for det gamle og verneverdige kulturlandskapet, i ei særmerkt bygd med stavkyrkje og museum. Ei vegskjering som er 10 meter høg og 120 meter lang er mildt sagt eit "markant" element, som det står i rapporten.

Å etablere ny trasé vil utan tvil føre til at mange køyrer i høgare fart gjennom bygda, og det kan rett og slett ende med fleire ulykker. Vegen frå Eidsborg til Dalen vil aldri kunne bli ein autostrada. Vegen må bli utbetra, men samstundes bør ein kunne ta vare på særskilde natur- og kulturverdiar.

Helsing

for **Naturvernforbundet i Vest-Telemark**
leiar Torfinn Sanden



Vår dato:

23.05.2024

Vår ref:

2024/4680

Dykkar dato:

17.04.2024

Dykkar ref:

24/01453

TELEMARK FYLKESKOMMUNE
Postboks 2844
3702 SKIEN

Saksbehandlar, innvalstelefon

Astrid Lie Olsen, 33372321

Standardisert fråsegn - oppstart - reguleringsplan - Tokke - detaljregulering for Fv450 Vrengen bru - planID 20240001

Vi viser til oversending av varsel om oppstart av arbeid med reguleringsplan.

Om Statsforvaltarens standardiserte fråsegn

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark har for tida stor pågang av saker. På grunn av begrensa kapasitet har vi dessverre ikkje kunna gjere konkrete vurderingar av dette reguleringsvarselet. Vi sender derfor ei standardisert fråsegn med nasjonale interesser som vi forventar at blir varetatt i det vidare planarbeidet. Kommunen har eit sjølvstendig ansvar for å sikre nasjonale og viktige regionale interesser i planlegginga. Dersom det er konkrete forhold ved ein plan som kommunen ønskjer at Statsforvaltaren skal ta stilling til, ber vi om at de kontaktar oss, så vil vi sjølvstendig hjelpe til med det.

Vi ber om å få planforslaget oversendt til offentleg ettersyn.

Rolla til Statsforvaltarens fagavdelingar

Statsforvaltarens fagavdelingar skal med heimel i plan- og bygningsloven § 3-2 sjå til at planar ikkje er i strid med nasjonale og viktige regionale interesser innan miljøvern, klima, landbruk, samfunnstryggleik, folkehelse, barn og unge sine interesser, og gravplassar.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Vestfold og Telemark fylkeskommune inngjekk ein samarbeidsavtale 13. januar 2021. Avtalen er vidareført inntil vidare med Telemark fylkeskommune. Avtalen inneber at fylkeskommunen tar vare på interessene til barn og unge i reguleringsplanar også på vegner av Statsforvaltaren. Avtalen avgrensar ikkje Statsforvaltaren sitt høve til å fremje motsegn til planforslag som er i strid med vedtatte nasjonale eller regionale mål, rammer og retningslinjer knytt til interessene til barn og unge.

Nasjonale interesser som må følgjast opp i planlegginga

Under følgjer ei forenkla oversikt over nasjonale interesser som vi forventar at blir varetatt i planlegginga. Ikkje alle omsyna vil vere relevante i den einskilde saka.



Landbruk

Jordvern som nasjonal interesse har fleire gonger blitt styrkt dei siste åra. Omdisponering av dyrka mark må unngåast. Dette gjeld fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite. Jordvernet inkluderer dyrkbar jord, som også må varetakast. Det må vidare sikrast tilstrekkeleg buffersone mot dyrka og dyrkbare areal.

Naturmangfald

Planen må vareta naturtypar og artar av nasjonal og vesentleg regional interesse. Kva dette omfattar, er gitt i punkt 3.6 i rundskriv T-2/16 *Nasjonale og vesentlige regionale interesser på miljøområdet – klargjøring av miljøforvaltningens innsigelsespraksis*. Eksisterande registreringar av artar og naturtypar ligg m.a. i Miljødirektoratets Naturbase. Planen må også vareta omsynet til verneområde, samanhengande naturområde med urørt preg og geologisk naturmangfald. Det må sikrast tilstrekkelege buffersoner mot viktige naturførekomstar. Mot naturtypar i skog bør det sikrast ei buffersone som minst svarer til høgda på utvaksne tre i området.

Dersom det ikkje ligg føre naturtypekartlegging innanfor planområdet, bør dette gjennomførast i samband med planprosessen. Vi forventar at det blir gjennomført kartlegging dersom planområdet har potensiale for naturverdiar av nasjonal interesse. Dette kan t.d. vere viss det er eldre skog der, førekomstar av edellauvskog, eller kalkgrunn, eller viss det er registrert viktige naturverdiar i nærliggjande område. Ny kartlegging må gjennomførast etter NiN-metoden. Manglande kartlegging kan gi grunnlag for motsegn frå miljødirektøren. Resultata frå kartlegginga må leggjast til grunn for planforslaget, og naturverdiar av nasjonal og vesentleg regional interesse må varetakast.

Eventuelle hole eiker (etter forskrift om utvalde naturtypar) må varetakast og sikrast i planen med ein omsynssone med radius 15 meter frå senter av stammen. Innanfor omsynssona må byggje- og gravetiltak unngåast, samt påfylling av massar, køyring med tunge maskiner og anna som kan skade eika.

Villrein

Planen må unngå konflikt med viktige funksjonsområde for villrein. Dette gjeld både villreinen sine registrerte leveområde og trekkruer mellom villreinområda. Villreinomsynet gjer seg også gjeldande for tiltak utanfor villreinområda som t.d. kan generere forstyrrande ferdsle inn i villreinområda. Der det ligg føre regionale planar for villreinområda, viser vi også til desse.

Klimagassutslepp og karbonrike areal

I nye *Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023-2027* har regjeringa følgjande forventningar i punkt 48: "Omdisponering og nedbygging av karbonrike arealer, inkludert myr, tidevannssump og andre typer våtmark og skog, unngås så langt som mulig, slik at arealenes evne til lagring og opptak av karbon opprettholdes." Dette må følgjast opp i den kommunale planlegginga.

Samfunnstryggleik

Alle planar skal ha ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) som viser alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av den planlagde utbygginga, jf. plan- og bygningslova § 4-3. Resultata frå ROS-analysen skal leggjast til grunn for planforslaget. Område med risiko og sårbarheit skal avmerkast i planen som omsynssone. Utgreiing av farar og tiltak mot farar kan ikkje skyvast på til byggjesak.



Klimatilpassing

Det må i planlegginga takast omsyn til forventade framtidige klimaendringar, som blant anna kan gi auka utfordringa knytt til overvatn, flaum, erosjon og skred. Betydinga av grønne område og intakt natur for klimatilpassing må vektleggast, og naturbaserte løysingar for overvasshandtering må vurderast, jf. *Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing* (2018).

Støy

Vi føreset at *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging* (T-1442/2021) blir lagt til grunn for planarbeidet, og at omsynet til støy blir tilfredsstillande utgreidd og varetatt i samsvar med retningslina. Dette gjeld både ved planlegging av ny støyfølsam utbygging, og ved tilrettelegging for ny støyande verksemd. Støy i anleggsfasen må også varetakast.

Forureina grunn

Planen må ta omsyn til kunnskap om forureina grunn (Grunnforurensningsdatabasen) eller mistanke om dette, og kva for type forureining det er. Område med forureina grunn skal visast med omsynssone. Ved ny arealbruk i område med forureina grunn må det gjennomførast miljøtekniske undersøkingar og risikovurdering. Vi viser til forureiningsforskrifta kapittel 2.

Vassdrag og vassmiljø

Også i 100-metersbeltet langs vassdrag skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Vi minner også om ivaretaking av kantvegetasjon langs vassdrag, jf. vassressurslova § 11.

Vassførekomstar skal beskyttast mot forringing, forbetrast og gjenopprettast med sikte på at dei skal ha minst god økologisk og kjemisk tilstand. Vi viser til miljømåla i vassforskrifta §§ 4 og 5, samt § 12. Vi viser også til Regional vannforvaltningsplan.

For verna vassdrag må *Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag* leggast til grunn i planlegginga. Omsyna i punkt 3 i dei rikspolitiske retningslinjene må leggast til grunn innanfor område for verna vassdrag, og gjeld for hovudelver, sideelver, større bekkar, sjøar og tjern og eit område på inntil 100 meters breidde langs sidene av desse, jf. punkt 1.

Avløp

Avløpsvatn frå planområdet må giast tilfredsstillande reinsing, slik at det ikkje fører til forureining eller forringing av vassførekomstar. Avløpsreinsanlegg det er aktuelt å kople seg til, må overhalde krav til reinsing og andre krav etter forureiningsregelverket, og ha nok kapasitet til planlagt utbygging.

Friluftsliv

Planen må vareta område klassifisert som viktige eller svært viktige friluftsområde, jf. Miljødirektoratets Naturbase, samt andre område som er vurdert å ha nasjonal eller viktig regional betyding som friluftsområde. Planen må sikre allmennheitas tilgang til viktige friluftsområde, område langs sjø og vassdrag, og stiar/løyper.

Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging

Vi viser til *Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging*. Utbyggingsmønster og transportsystem bør fremje kompakte byar og tettstader som styrker gange, sykkel og kollektiv som transportformer. I byar og tettstadsområde bør det leggast vekt på høg arealutnytting, fortetting og transformasjon.



Andre nasjonale interesser

I planarbeidet må det også takast omsyn til:

- Landskap, jf. plan- og bygningsloven § 3-1 bokstav b, Europarådets landskapskonvensjon og punkt 3.9 i rundskriv T-2/16
- Lokal luftkvalitet, jf. *Retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging*, T-1520/2012
- Universell utforming, jf. plan- og bygningsloven § 1-1
- Storulykkebedrifter, jf. avsnittet om samfunnstryggleik og punkt 3.13 i rundskriv T-2/16
- Gravplassar, jf. gravplassloven, gravplassforskrifta, rundskriv Q-06/2020 og rettleiaren *Gravplassrådgivningen*
- Barn og unges interesser, jf. *Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging* og rundskriv T-2/08 *Om barn og planlegging*

Med helsing

Astrid Lie Olsen
plansjef

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Tokke kommune

Norges vassdrags- og energidirektorat

Storvegen 60

Postboks 5091 Majorstua

3880

DALEN

0301

OSLO



Internt notat

Til: Team plan og bygging

Kopi: , , ,

Seksjon Samfunn og plan

Vår dato: 24.04.2024

Vår referanse: 24/13736-2

Vår saksbehandler: Hanne Birte Hulløen

Unntatt offentlighet iht.:

Innspill til varsel om oppstart av reguleringsplan for Fv. 450 Vrengen bru - planID 20240001 - Tokke kommune

Telemark fylkeskommune syner til brev datert 17. april 2024 med varsel om oppstart av reguleringsplan for Fv. 450 Vrengen bru i Tokke kommune. Frist for innspel til planoppstarten er sett til 24. mai 2024.

Føremålet med og bakgrunnen for planarbeidet

Føremålet med planarbeidet er å sikre areal til å byggje ny bru og veg til erstatning for dagens smale og svingete veg og dårlege bru på denne delen av fylkesveg 450.

Planområdet ligg sør for Eidsborg stavkyrkje, og er i kommuneplanen sin arealdel avsett til LNFR-område med høve til spreidd bustadbygging og med særleg verdfulle kulturlandskap (arealdelen vedtatt 13.09.2005).

Prosjektet har vore på intern høyring i Vestfold og Telemark fylkeskommune sommaren 2023.

Rollene og ansvaret til fylkeskommunen

Telemark fylkeskommune har mottatt varsel til detaljregulering i medhald av plan- og bygningslova § 12-8. Fylkeskommunen skal bidra til at nasjonale og regionale føringar blir følgde opp i alt planarbeid. Vi har ei rolle som regional utviklingsaktør, planmynde og som planfagleg rettleier. Innspel frå fylkeskommunen blir gitt med grunnlag i mål, prinsipp og oppmodingar, slik dei er nedfelte i overordna nasjonale og regionale styringsdokument.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Vestfold og Telemark fylkeskommune inngjekk ein samarbeidsavtale 13. januar 2021. Avtalen inneber at fylkeskommunen varetar interessene til barn og unge i reguleringsplanar, også på vegner av Statsforvaltaren. Avtalen avgrensar ikkje Statsforvaltaren sin tilgang til å fremme motsegn.



Fylkeskommunen si vurdering

Telemark fylkeskommune vil i punkta nedafør kommentere på dei delane av planforslaget som rører ansvarsområda våre:

Regionale planar

Regional plan for samordna areal og transport i Telemark (ATP Telemark 2014)

Regional plan for samordna areal og transport i Telemark har som hovudmål å leggje til rette for befolkningsvekst og ei berekraftig utvikling i Telemark, og viser korleis ein bør arbeide dersom ein skal nå desse måla.

Planen har målsettingar for areal- og transportområdet i Telemark, og strategiar for samordning, mål, prioritering og ressursutnytting innanfor areal- og transportsektoren. Planen har tilhøyrande handlingsprogram som blir rullerte årleg. Strategiane er; satse på hovudferdselsårer, trygging av skulevegar, styrke kollektivknutepunkt, effektivisere transportsystemet og styrke byar og tettstader. Planen inneheld retningslinjer og føresegner som skal følgjast opp i kommunale planar.

Vi viser spesielt til dei generelle retningslinjene i punkt 8.1 som mellom anna slår fast at det skal tas omsyn til barn og unge, og at det skal leggast til rette for trafikksikre løysingar for gåande og syklende i all planlegging.

Jordvern

Det kjem fram av planvarselet at tiltaket kjem i kontakt med dyrka mark i sydvestre del av planområdet. Dyrka mark av god kvalitet er ein nasjonalt viktig ressurs som kommunen må vareta dersom vi skal nå dei nasjonale og regionale jordvernsmåla. Fokuset på jordvern har dei siste åra vorte strengare. Vi oppmodar om at minst mogleg dyrka mark vert bygd ned.

Vassressursforvaltning

Vi vil minna om *Regional plan for vassforvaltning for Vestfold og Telemark vassregion* for planperioden 2022-2027. Vassforvaltningsplanen beskriv påverknader og tilstand i vassmiljøet, og dessutan miljømål og unntak frå miljømål for alle vassførekomstane til vassregionen. Vassforvaltningsplanen skal leggast til grunn for regionale organs verksemd og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i vassregionen, jf. plan- og bygningsloven § 8-2 og vassforskrifta § 29. Det generelle målet i vassforskrifta er at alle vassførekomstar skal vernast mot degradering, blir forbetra og blir retta opp igjen med sikte på at vassførekomstane skal ha minst god økologisk og kjemisk tilstand.

Informasjon om miljøtilstand, påverknader, tiltak og miljømål for den ramma vassførekomsta kan finnast inne på følgjande lenkje: <https://vann-nett.no/portal/#/waterbody/016-2564-r>. Økologisk tilstand her er moderat og kjemisk tilstand er ukjend. Vassførekomsten oppnår ikkje miljømålet om god tilstand på grunn av forhøgde nivå av fosfor i vatnet. Vassførekomsten er registrert med påverking frå diffus avrenning frå transport/infrastruktur.



I vedlegg 7 i Regional vassforvaltningsplan ligg det generelle retningslinjer for arealplanlegging som kan påverka vassmiljø. Denne lenkja kan brukast for å komma til vassforvaltningsplanen: [Regional vassforvaltningsplan 2022-2027 Vårt verdifulle vatn \(vannportalen.no\)](https://vannportalen.no). Retningslinje 2.1 seier "det bør ikke legges til rette for utbygging i områder med risiko for naturfare som for eksempel flom og havnivåstigning" og 2.2 seier "vurderinger av vannmiljø må sees i sammenheng med føringar i Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassning". Vi vil i den samanhengen informera om at statlege planretningslinjer for klima og energi, og statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet, er på høyring. I desse blir det lagt strengare føringar for nedbygging og omdisponering av karbonrike areal, slik som myr.

Planarbeidet må greia ut kva effekt planen vil ha på miljøtilstanden i vassførekomstane jf. vassforskrifta. Dersom det blir planlagt tiltak som kan ringast miljøtilstanden i ramma vassførekomst, eller gjere det vanskeleg å nå miljømåla, skal planen vurderast etter vassforskrifta § 12 om ny aktivitet eller nye inngrep.

Tiltak i eller ved vassdrag som kan vera negativt for fisk eller andre ferskvassorganismar er regulerte gjennom forskrift om fysiske tiltak i vassdrag, heimla i lakse- og innlandsfisklova. Slike tiltak er søknadspliktig, jf. forskrifta § 2. Statsforvaltaren er styresmakt etter denne forskrifta, i vassdrag som fører anadrome laksefisk eller som har sårbare eller trua ferskvassartar. På strekningar som fører andre artar innlandsfisk er Fylkeskommunen styresmakt.

Kulturarv

I landskapsrommet der den nye vegstrekningen skal etablerast, preges fjellbygda av markørar som Eidsborg mellomalderkyrkjestad ved Eidsborgtjønn, som utgjer betydelege trekk i landskapet. Området er eit kulturmiljø av høg verdi kor det òg er fleire automatisk freda bygningar og vedtaksfreda bygningar. Det er av avgjerande betydning å tilpasse den nye vegstrekninga til dette kulturmiljøet og vise omsyn til den kulturelle arven som eksisterer der. Ein metode for å oppnå dette er gjennom restaurering av naturområde langs den nye vegtraséen, med fokus på tilbakeføring av det opphavlege økosystemet.

Den økologiske restaureringa vil ikkje berre bidra til å bevare det naturlege utseende og landskapskarakteren til området langs vegen, men også sikre ei skånsam tilpassing av vegen til miljøet. Dette vil vere vesentleg for å minimere inngrepa i naturen samanlikna med tradisjonelle utviklingsmetodar. Ein slik tilnærming vil redusere den negative påverknaden på kulturmiljøet og sikre at integriteten og autentisiteten blir ivareteken på best mogleg måte.

Vi ber difor om at det utarbeidast ei føresegn i reguleringsplanen som stiller krav om naturleg revegetering og økologisk restaurering for dei delane av anlegget som vil vere på fylling. Dette vil vere eit viktig steg mot å sikre at den nye vegstrekningen blir harmonisk integrert i det omkringliggjande kulturmiljøet og at den kulturelle arven blir ivareteken på ein forsvarleg måte.

Riksantikvaren uttaler



Riksantikvaren har uttalt seg angående varsel om oppstart av detaljregulering i samband med oppgradering av Vrengen bru i Eidsborg:

Eidsborg stavkyrkje er ein av Norges 28 gjenværande stavkyrkjer og er automatisk freda i medhald av kulturminnelova (kml) § 4. Ved tiltak i omgivnadene til automatisk freda kulturminne, som Eidsborg stavkyrkje, skal det gjerast ei grundig vurdering av om tiltaket kan påverke kulturminna og om det eventuelt kan gjevast dispensasjon i samsvar med kml § 8 første ledd for å gjennomføre tiltaket. Riksantikvaren er rett myndigheit til å fatte slike dispensasjonsvedtak. Det er difor viktig at alle forslag til endringar blir lagt fram for Riksantikvaren så tidleg som mogleg.

Basert på den informasjonen som er gjeven, og at tiltaket for oppgradering av Vrengen bru planleggast i god avstand frå Eidsborg stavkyrkje, samt at det er naudsynt for betra trafikksikkerheit og framkomelegheit i området, anser Riksantikvaren at tiltaket kan gjennomførast utan at det er naudsynt med dispensasjonsvedtak. Det vert vurdert at tiltaket ikkje vil medføre utilbørleg skjemming av den automatisk freda Eidsborg stavkyrkje.

Til sist

Telemark fylkeskommune har elles ingen merknadar til planoppstarten.

Med helsing

Tor Arne Hellkås
Seksjonsleiar
Samfunn og plan

Hanne Birte Hulløen
plankoordinator

Sakshandsamarar:

Hanne Birte Hulløen – plankoordinator
Lotte Thommesen – vassforvalting
Anne Skaug Nisi – jordvern
Gunnhild Randen – nyare tids kulturminne
Sindre Arnkværn – automatisk freda kulturminne



Telemark
FYLKESKOMMUNE

FV450 Vrengen bru

Innspill til varsel om oppstart

Innsendt:

23.4.2024 - 10:38

Saksnummer i p360:

24/01453

Navn:

David Hauer

E-post:

dhconserva@gmail.com

Adresse:

Eidsborgvegen 82

Telefonnummer:

91182856

Jeg gir innspill som:

privat

Illustrasjon fra innbyggerdialogen:



Lenke til innspillene:

[Trykk her for å komme til innspillene](#)

Innspill:

Som beboer med adresse mellom Eidsborg og Dalen, skjønner jeg behovet for å utbedre den aktuelle veistrekningen. Likevel mener jeg det ville være et mye bedre alternativ å utbedre den eksisterende traseen. Løsningen med høy skjæring gjennom et gammelt og verdifullt kulturlandskap blir svært skjemmende. I tillegg synes tiltaket å påvirke myrområde nedenfor Eidsborgtjønn. Det synd at løsninger med store skjæringer, med påfølgende sår i landskapet, i økende grad er blitt en gjengs metode for utbedring av vei. Det er også trolig at løsningen med skjæring og utretting av veien vil føre til høyere hastighet gjennom et bebygd område som Eidsborg. I dette tilfellet, som i mange andre, bør en i høyere grad ta hensyn til kulturlandskapet og natur ved utbedring av vei.

Vedlegg:

Ingen vedlegg.

VRENGEN BRU SAKSNR. 24/01453

Eidsborg 23. mai-24

UTTALE.

Viser til tilsendte dokumenter med orientering om omlegging av vegen ved Vrengen.

Eg bur ved gardsvegen til Kleppo som munnar ut mellom Vrengen bru og svingen der huset Berg ligg høgt på mur. Dette er eit særdeles uoversiktleg kryss som det har vore mange ulykker knytta til.

Eit døme er når en stor bil kjem i retning Dalen og må stoppe fordi det kjem ein imot på brua, da er det svært vanskeleg for neste bil som kjem rundt den uoversiktlege svingen ved Berg å klare å stoppe bak den bilen som står og ventar på at brua er klar. Det same skjer også i den andre retninga når ein må stoppe på brua. Her har det vore dødsulykker og mange andre ulykker og uhell gjennom åra. Sidan eg og familien bur tett ved har vi sett dette, og da eg var 7 år overlevde eg ein situasjon der ved flaks. Eg sat i ei hesteluffe som bestefar køyrde. Vi møtte bussen og for at den skulle passere så køyrde bestefar heilt ut på høgre vegsida der vegen skråna pga. brøytekanten. Sluffa velta da bussen passerte og eg rulla mot sida på bussen, men sjåføren fekk stoppe før eg kom under bakhjula. Ja, dette var min historie, men den er også typisk at det framleis er mange problem der pga. den smale og uoversiktlege vegen og brua ved gardsvegkrysset. Det ligg også ei bygdesag på gardsvegen til Kleppo. Når ein skal ut med materialane må ein krysse det uoversiktlege krysset ved brua, og vi forsøker da å ha ei vakt som kan stoppe bilane, men mange gonger må ein klare seg aleine.

Eg har også i 44 år hatt ansvar ved Vest-Telemark Museum i Eidsborg, styreleiar frå 1995 og vi merkar også trafikkproblema, også fordi garden Vindlaus nedre, som tilhøyrrer VTM, har same gardsveg som Kleppo og kjenner desse problema.

Eg hadde siste styremøte som leiar på museet 14. mai og denne saka kom da opp som ei orienteringssak under «Ymse». Heile styret var tilfredse med vegomlegging og betre sikring for gåande og køyrande i bygda vår. Vi drøfta begge alternativa, men tilsendt plan er klart den beste. Einskilde kan hevde at noko meir av myra blir bruka og det blir ei fjellskjering. I den nåverande traseen ville skjeringa bli minst like stor ved utbygging og det ville gå ut over husa og garden der vegen går nå, samt at oversikta ville stort sett vera uendra. Ein kan vise til nedsett fartsgrenseskilt, men den blir broten pga. ukjente trafikkantar og særleg om morgonen av nokre som er ute i siste lita til møte eller arbeid. Nokre vil i dag vise til naturvernomsyn ved bruk av myra, men den har vore arbeid i mange gonger ved røyrlegging, opprensk av bekken ol. Sett i samanheng med faremomenta i trafikken og den røynsla vi bygdefolk har, så kan ikkje dette momentet utsetje arbeidet med omlegginga.

Konklusjonen er at vi alle bygdefolk er glade for planen for vegomlegginga som sikrar tryggleiken og eit betre trafikkmonster som også forenklar turiststraumen, særleg med bussar til museet.

Helsing

Torgrim Otterholt

Eidsborgvegen 472 C, 3891 Høydalsmo

Kopi: Tokke kommune og Vest-Telemark Museum Eidsborg

From: "Rolf Normann" <sjausel@outlook.com>
Sent: Thu, 23 May 2024 10:08:58 +0200
To: "Postmottak" <post@telemarkfylke.no>
Subject: Innspill til prosjektet Vrengen bru i Tokke.

Hei!

Vår avkjøring til gårdsnummer 26, bruksnummer 1 er noen meter nedenfor avmerket anleggsområde.

Vår vei møter fylkesveien midt i den skarpe svingen og er svært uoversiktlig når vi kommer fra Dalen og skal svinge til venstre inn på vår gårdsvei.

En liten flytting av innkjøringen mot Vrengen bru ville gjort en stor forskjell i forhold til oversikt og trafiksikkerhet.

Jeg ber om at det blir vurdert om det er mulig å gjøre dette i forbindelse med prosjektet.

Mvh
Rolf Normann
Tlf. 91322818

From: "Alice Jeanne Haukelidsæter" <ajhaukelid@gmail.com>
Sent: Thu, 23 May 2024 18:48:41 +0200
To: "Postmottak" <post@telemarkfylke.no>
Subject: FV 450 Vrengen bru, Eidsborg

Eg vil leggje inn ei uttale i samband med detaljregulering av Fv 450 Vrengen bru. Det er eit omfattande inngrep som er planlagt gjennomført. Landskapet i Eidsborg vil for all framtid bli endra og det er ikkje sikkert at det blir til det betre.

I tillegg til høg og lang fjellskjering må ein sikre kantar med stygge gjerde.

Farten kjem til å auke i bygdi og det vil medføre mykje meir støy. 60 km fartgrense? 60 km er ikkje fort nok når vegen er rett og då er det vel fare for ulykker andre stader i området enn ved Vrengen bru?

Det har vore nokre ulykker på vegen slik det den ligg i dag. Ein kan skulde på vegen men føraren må ta omsyn til forholda og tilpasse farten. Det er ikkje så sikkert at ny veg vil gjera det betre ?

Myrområdet der Eidsborgbekken startar vil bli øydelagd. Det er ikkje i tråd med nasjonale føringar der ein skal verne myrområde/ våtmark. Kva vil ein gjera med beveren som byggjer og bur der, midt i den planlagte traseen? Er det berre å kvitte seg med den fordi veg og utbyggingar går før alt?

Eidsborg er ei vakker bygd og ein historisk stad med Brynesteinsbrot, Stavkyrkje, Stålekleivloftet m.m. Tokke og Telemark har eit særskild ansvar for å ta vare på dette. Ein må prøve å gjera minst mogleg omfattande inngrep, og dei inngrepa som gjerast må lyfte Eidsborg og vera døme på god vegløyning som kan gå inn i historien som eit eksempel til etterfylgje. Om det blir slik at det det er den nye vegen som skal gjennomførast må dette omsynet vera med i alle tiltak : Begrense naturinngrepet mest mogleg. Ein må fylgje regional klimaplan. Ein må ta vare på det historiske landskapsrommet som Eidsborg har og som gjer staden så særeigen. Avbøtande tiltak er viktig som til dømes tørrmurar av naturstein. Nnaturstein rundt røyr og liknande.

Ny bru må vera fin og velbygd og ikkje berre som ei røyrgate. Fjellskjering må planleggast tilsvarande grundig for å avbøte inngrepet mest mogleg.

Om ein beheld dagens vegtrase så vil ein finne gode og avbøtande løysingar utan å gjera store omveltande inngrep. Det ville nok vera det beste for bygdi Eidsborg.

Døme på dårlege løysingar i samband med vegbygging er muren i Høydalsmo sentrum, langs E 134 ved Ofte. Her burde det vore tørrmur med naturstein. Kvifor kan ein byggje fine tørrmurar andre stader som til dømes i Gvarv langs riksveg 36 og ikkje her i Tokke?

Eit anna døme i Tokke er langs E 134 ved Høydalsmo kyrkje. Eit autovern langs den gamle fine steinmuren og kyrkja. Det må finnast andre og betre løysingar.

Til informasjon er eg leiar i Tokke Historielag.

Med helsing
v/ Alice Haukelidsæter



Telemark
FYLKESKOMMUNE

telemarkfylke.no

Postadresse:

Postboks 2844
3702 Skien

Besøksadresse:

Torggata 18
3717 Skien

Tlf. 35 91 70 00

post@telemarkfylke.no

